



Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Årsmelding 2011

med vedlegg om høringsfråsegner, deltaking på møte m.v.

1. Innleiing

KVA OG KVEN ER FNF?

FNF er eit forum for natur- og friluftsforganisasjonane i fylket med kontoradresse Sognefjordvegen 40 i Leikanger Næringshage.

ARBEIDSOPPGÅVER

- Vere ein nettverksbyggjar mellom organisasjonane.
- Oppmuntre til samarbeid på tvers av organisasjonane i samband med kurs, skulering og arrangement.
- Fokus på friluftsliv for alle og folkehelsearbeid.
- Kontinuerleg oppfølging av rullering av arealplanane og andre aktuelle planar i kommunane og fylkeskommunen. Gje organisasjonane varsel om rullering og utarbeide kortfatta informasjon om korleis dei skal gå fram og kva dei skal sjå etter. Passe på tidsfristar og varsle lag/organisasjonar.
- Vere ein pådrivar til at organisasjonane blir varsla om planarbeid og høyringar og oppfordre til samarbeid i samband med utsegner.
- Få organisasjonane til å rette merksemd på område som naturlandskap, vindkraft, vasskraft, kraftlinjer, vegbygging, utbygging av våtmarker, miljøreining, Naturmangfaldslova og Plan- og bygningslova.
- Halde årsmøte og fellesmøte for organisasjonane.
- Vere ein bindelekk mellom fylkesmannen/fylkeskommunen og organisasjonane.
- Gjere FNF kjent blant kommunane i Sogn og Fjordane.
- Arbeide for å få oppretta friluftsråd i Sogn og Fjordane.
- Verne om allemannsretten.
- Vere observant på motorisert ferdsel.
- Vere med å ta vare på strand- og kystsona.
- Påverke ved kommune- og fylkestingvalet.
- Oppfordre kommunane til kartlegging av stiar og snøggveggar i nærområda.
- Arbeide for merking av stiar og snøggveggar i nærområda og skilting av turløyper
- Arbeide for å få stilling i FNF-systemet til å utarbeide illustrasjonar av planlagte anlegg.
- FNF kan skriva høyringsfråsegner på vegne av dei organisasjonane som i kvart tilfelle gir si tilslutning til dette.

UTVIKLING, RESULTAT OG UTFORDRINGAR

FNF har delteke på mange møter og konferansar og har hatt mykje større kapasitet i 2011 enn tidlegare år grunna auka stillingsprosentar (no 130% fordelt på 2 tilsette).

Viktigaste utfordringa er utvikle samarbeidet med organisasjonane og å arbeide breitt med å ta vare på vilkåra for friluftslivet og viktige naturområde, som for tida er pressa frå mange kantar .

FNF har levert fråsegner i ein del saker i samarbeid med organisasjonar. Dette trur me var medverkande til at Øvre Bergselvi kraftverk ikkje fekk konsesjon og Nedre Bergselvi fekk auka minstevassføringa.

2. Saker

VIKTIGASTE SAKER

Dei mange og til dels svært store vass- og vindkraftanlegga med tilhøyrande kraftliner og veganlegg det er søkt konsesjon for i fylket, er det viktigaste som skjer med vilkåra for friluftsliv for tida. FNF arbeider med sakene i samarbeid med organisasjonane. Arbeidet med ny og heilskapleg vassforvaltning og vesentlege spørsmål knytt til dette har vore prioritert, FNF og fleire av organisasjonane har vore representert i regional referansegruppe, samt i vassområda. Gruvedeponi i Førdefjorden, kunnskap om denne og ei evt avgjerd om fjordøkologi og naturverdiane her har organisasjonar og FNF jobba med i samarbeid og enkeltvis. Motorferdsle, arealsaker, kystlandskap og regionalt planarbeid er elles viktige felt det har vore samarbeid om.

FNF deltek i administreringa av løypemerkingsprosjektet til Gjensidigestiftinga og fylkeskommunane på Vestlandet. Prosjektet går vidare i 2012 og gir eit svært viktig tilskot til FNF på 250.000 også komande år. Det står att å sjå om prosjektet også kan bli ytterlegare vidareført.

HØYRINGSFRÅSEGNER

FNF har levert 14 fråsegner i lag med organisasjonane i 2011.

FNF har gitt tilskot som er tildelt frå Frifo og fylkeskommunen, slik at representantar frå organisasjonane har hatt mogelegheit til å delta på faglege samlingar/seminar og synfaringar.

Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernutvalet Totaltal fråsegner i 2011 (2010-tal i parantes): 40 (32)

Naturvernforbundet, fråsegner (13), plansaker(15) , vassforv.(4) i 2012 (2011-tal i parantes): 32 (18)

NJFF Sogn og Fjordane, fråsegner (6), plansaker (4), vassforv.(2) i 2012 (2011-tal i parentes): 12 (11)

MØTER FNF-tilsette og AU

Dato	Stad og aktivitet	Deltakarar
18.1	Fellesmøte vassregion	Elisabeth Dahle
29.1	Årsmøte Sogn og Fjordane Turlag, Skei	Einar Skram Husabø
17.2	AU møte Skei	Einar Skram Husabø, Elisabeth Dahle
18.2	Firda ressurscenter for friluftsliv, Sandane	Einar Skram Husabø
02.03	Samarbeidsmøte med Carlo Aall, Vestlandsforskning, Sogndal	Elisabeth Dahle
9.3	Årsmøte på Skei	Einar Skram Husabø/Elisabeth Dahle + AU
9.4	Årsmøte Naturvernforbundet, Førde	Elisabeth Dahle
27.4	Møte Indre Sogn kystlag, Kaupanger	Elisabeth Dahle
27.6	Møte med Jeger og fisk, Skei	Elisabeth Dahle
12.9	AU møte, Skei	Elisabeth Dahle, Einar Skram Husabø
17.9	Møte Naturvernutvalet DnTsentralt og regionalt, Måløy	Elisabeth Dahle
3.10	Møte med fylkeskommunen, her	Einar Skram Husabø, Marino Ask
17.10	AU møte, Skei	Einar og Elisabeth
17.10	Firda ressurscenter for friluftsliv, Sandane	Einar Skram Husabø
01.11	Vassregionmøte, referansegruppa, Skei	Elisabeth Dahle
08.12	Vassområdemøte Indre Sogn, Aurland	Elisabeth Dahle
19.12	Vestlandssamarbeidet, DNT og FNF Rog. Hord. S og Fj.	Elisabeth Dahle

REPRESENTASJON og KURS for FNF-tilsette og AU

Seminar/representasjon/synfaringar

Dato	Stad og aktivitet	Deltakarar
8.2	Kurs løypemerking, Sogndal	Elisabeth Dahle, Einar Skram Husabø
9.-11.2	Frifo, FNF-samling og kurs i Florø	Elisabeth Dahle, Einar Skram Husabø, Marino Ask
03.03	Kurs i Naturmangfoldlova og Vassdirektivet, NJFF, Skei	Elisabeth Dahle
05-06.10	Kurs i PBL, FM og kommuner, org. Førde	Elisabeth Dahle
3.3	Folkemøte vindkraft Folkestad	Einar Skram Husabø
5.5	Seminar og høyringsdugnad, arealutvalet, Flesland	Elisabeth Dahle
8.6	Folkemøte Vestsideelvane, Jostedalen	Elisabeth Dahle
25.6	Segljollesamling med 4H-leir i Viksdalen	Einar Skram Husabø
29.8	Folkemøte vindkraft i Solund	Elisabeth Dahle
4.9	FNF samling, Gran	Elisabeth Dahle
5.-6.9	Frifo landssamling, Gran	Elisabeth Dahle
7.-8.10	Vassamling Førde	Elisabeth Dahle
19.9	Folkemøte vindkraft, Svelgen	Einar Skram Husabø
02-03.11	Kurs i NML, FM og kommuner, org. Skei	Elisabeth Dahle
30.11-1.12	DN konferanse Værnes	Einar og Elisabeth
15.11	Folkemøte Gruvedrift Engebø, Vevring Strategimøte Naturvernforbundet / Natur og Ungdom	Elisabeth Dahle
06.12	Småkraftseminar, Skei	Elisabeth Dahle

Løypemerking på Vestlandet

Dato	Stad og aktivitet	Deltakarar
19.1	Tildelingsgruppa i Førde	Einar Skram Husabø
1.2	Styringsgruppa i Bergen	Einar Skram Husabø
25.3	Tildelingsgruppa, Skei	Einar Skram Husabø
1.4	Tildelingsgruppa, Skei	Einar Skram Husabø
19.10	Styringsgruppa i Bergen	Einar Skram Husabø

Styrings- og referansegrupper

Emne	Stad og aktivitet	Deltakarar
Friluftsliv	Ressurssenter friluftsliv Firda, Sandane	Einar Skram Husabø
Vindkraft	SFFK, fylkesdelplan	SFT, Alvar Melvær – NJFF Naturvernforbundet, Jon Farestveit
Småkraftverk	SFFK, fylkesdelplan	SFT - Alvar Melvær , Naturvernforbundet - Jon Farestveit
Villrein	Regional plan for Nordfjella villreinområde	Jørgen Bruheim – NJFF , Elisabeth Dahle
Landskapsvern	Stølsheimen landskapsvernrområde	Jon Farestveit – Naturvernforbundet
Landskapsvern	Fylkesmannen, Ålfotbreen landskapsvernrområde, forvaltningsplan	SFT - Alvar Melvær, Hans Christian Hansen – Naturvernforbundet
Landskapsvern	Jostedalsbreen nasjonalpark	Jon Farestveit, Naturvernforbundet
Vassregion	Referansegruppe	Elisabeth Dahle, Naturvernforbundet - Jon Farestveit

INFORMASJON

FNF Sogn og Fjordane har 26 treffpunkt på Opoint si medieoversikt 2011.

ARRANGEMENT

FNF har i året arrangert årsmøte, fellesmøte og hatt fellesannonsering for Friluftslivets veke.

3. Organisatorisk

TILSLUTNINGSERKLÆRINGAR

Desse organisasjonane har signert erklæring:

- 4H Sogn og Fjordane
- Kystlaget Hornelen (for kystlaga i fylket)
- Sogn og Fjordane Turlag
- NJFF Sogn og Fjordane
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Norges Speiderforbund Sogn og Fjordane
- Sogndal Klatreklubb (for klatreklubbane i fylket)

ARBEIDSUTVAL

På årsmøtet 9.3.2011 vart dette arbeidsutvalet (med varamedlemar) oppnemnd av organisasjonane:

Naturvernforbundet - Haakon Breien
vara - Marit Vøien Nes

Kystlaget Hornelen / Kystlaga – Svein Ove Ask
vara – Anders Olav Rylandsholm

NJFF Sogn og Fjordane – Karina Hetle Solheim
- vara Reidun Solberg Seim

Sogn og Fjordane Turlag – Marino Ask
vara – Britt Småvik

4 H Sogn og Fjordane – Åge Avedal
vara - Kamilla Eirin Aamot

Åge Avedal vart peika ut som leiar i eit AU- møte.

Arbeidsutvalet har hatt 3 møte, samt jobba med bruk av epost og telefon.

ADMINISTRASJON

Einar Skram Husabø har vore tilsett som FNF-koordinator i 50% stilling heile året.

Elisabeth Dahle har vore tilsett som medarbeidar i 80% stilling heile året.

Noregs Jeger- og Fiskerforbund har arbeidsgjevaransvaret.

ÅRSMØTE

Skei Hotell 9.03.11 med 10 deltakarar.

Haakon Breien, Naturvernforbundet / Au
Svein Ove Ask, Kystlaget Hornelen for (Kystlaga i S & Fj) / Au
Elisabeth Dahle, Fnf - medarbeider
Marino Ask, Sogn og Fjordane Turlag / Au
Reidun Seim Solberg, NJFF Sogn og Fjordane
Alvar Melvær, Sogn og Fjordane Turlag, leiar Naturvernutvalet
Åge Avedal, 4 H Sogn og Fjordane / Au
Kamilla Eirin Aamot, 4 H Sogn og Fjordane
Per Norstein, NJFF Sogn og Fjordane / Au
Einar Skram Husabø, Fnf – kordinator
Referat er sendt ut og ligg også på nettsida.

FELLESMØTE

Sandane 4.-5.11.2011 med 11 deltakarar og gjester.

Deltakarar:

Lars Olav Rylandsholm, Kystlaget Hornelen
Thorleif Jakobsen, Naturvernforbundet
Marino J. Ask, Sogn og Fjordane Turlag
Linn Christin Fløholm 4H
Eirik Vikøren, 4H
Elisabeth Dahle, FNF
Einar Skram Husabø, FNF

I tillegg var desse med som innleiarar:

Magne Larsen, Firda vgs
Tor Yttri., Bratt Moro
Joar Helgheim, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Svein Arne Skuggen Hoff, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Tema: Møtet var i hovudsak knytta til planstrategiarbeidet i fylket.

Friluftssenteret Nordfjord, orientering. Magne Larsen.

Planstrategi som verktøy for utvikling. Svein Arne Skuggen Hoff.

Gruppearbeid med planstrategi.

Kvifor veks innbyggjartalet i Sogndal? Tor Yttri.

Definisjonar på bærekraft, Miljø og Miljøvenleg, Klima. Joar Helgheim.

Hytter eller fast busetnad? Elisabeth Dahle.

Referat er sendt til organisasjonane.

Referatet saman med innlegg er lagt ut på nettsida

4. Økonomi

Frifo og Sogn og Fjordane fylkeskommune gir tilskot til drifta av FNF som tidlegare år. Tilskotet frå Frifo var også om lag som tidlegare. Økonomien i organisasjonen er ordna og god.

TILSKOT – 2011

	Beløp	Type tilskot
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	30 000	Aktivitet
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	120 000	Drift
Frifo	550 658	Drift
Frifo – vindkraft og vasskraft	31 000	Aktivitet
Frifo - Friluftslivets veke	20 000	Aktivitet
Tilskot løypemerking, Gjensidigestiftelsen og fylkeskommunane	250 000	Honorert arbeid med løypemerking Vestland.
Sum tilskot	1001 658	

Leikanger, februar 2012

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Einar Skram Husabø

koordinator